



(Foto. Bård Svardal)

Gjennom skogsområde og kulturlandskap på to hjul!

Fylg Sundrevegen 100 meter attende mot Sundre før du tek av til høgre opp Baklivegen. Fylg denne oppover til den tek inn på gardsvegen til garden Baklien. Der gardsvegen gjer ein krapp sving opp mot tunet går Baklivegen rett fram i overkanten av dyrka mark. Etter ca. 1 km deler stigen seg. Her kan du velge å ta til høgre, slik at du kjem ut på fylkesvegen, men me velger å ta til venstre. Då kjem du til garden Sandelii. Her går stigen på oversida av uthusa, men på grunn av at vegen her er brote opp av skianlegg og innmark anbefalar me at du kører ned gjennom garden og ut på fylkesvegen. Fylg fylkesvegen til avkjøringa mot Svarte-berg rett nord for Votnahall. Ta så av til høgre inn på lysløype rett før bruhaugen. Etter å ha sykla gjennom området til Hallingsag og kome inn på gardsvegen opp til Springgard skal du fylgje denne opp til fyrste avkjøring til høgre til bustadhús, og vidare inn på stigen gjennom skogen. Frå skytebanen i Leveld fylgjer du grusvegen til Leveld kyrkje.

Stigen er av god kvalitet med enkelte litt tekniske parti. Graset veks vilt og fort om sommaren, så det er å anbefale å ta turen tidleg i sesongen, så du lett kan finne stigen.



Fylg Sundrevegen frå Torget og ned til krysset opp mot Vats/Leveld, ved Hyttebutikken.



Stampehølen

(Foto: ÅI Utvikling)



Parlering på plassen i krysset, vis a vis Hyttebutikken.



ca 10 km



Du passerar Stampehølen, sjå tur nr.1!



Stigen er god, men du må rekne med nokre parti med terrengsykling. Det er også mogeleg å trille desse partia.

Vadmålsstampa i Votna vart bygd mellom 1860 og 1880. Den vart restaurert på dugnad i 1992–1993. Med kraft frå vatnhjul laga bygdefolket vadmal i stampa. Dermed var de sjølvforsynte med dette ulltøyet. Stampa fungerte også som vaskemaskin. I tillegg drog den 4 slipesteinar, der mennene fikk slipt ljåblada.